



VELKOMEN TIL EID IDRETTSHUS INFORMASJON TIL BESØKANDE LAG OG PUBLIKUM

VI MINNER OM SMITTEVERNETS TRE HOVEDREGLAR

- *Om du føler deg sjuk – hald deg heime – alltid.**
- *Vær nøye med hygiene – vask hendene. Ofte!**
- *Hald avstand, og unngå unødvendig nærkontakt – alltid.**

ALLE:

Ved hovedinngangen står det dispenser med **Antibac** som **ALLE** skal nytte når ein kjem og når ein forlet hallen. Antibac er og tilgjengeleg på tribune, i sekretæriat, i innbyttarområde og ved kiosksal. Vær obs på avstand når ein går inn og ut av hall.

Speaker vil informere om retningslinjer for smittevern før og evt undervegs i arrangementet. Vi ber om at alle følger anvisningane frå speaker.

KIOSK

Vi har **kiosk**, men med redusert utval varer, menyen ligg i Vipps.

Hugs avstand og 1m-regel også i kiosk/vestibyle.

All fysisk handtering av kaffekanner, ketchupflasker etc. skal gjerast av kioskpersonalet, ingen sjølvbetening.

Betaling kun med Vipps både i kiosk og billett ved hovudinngang.

PUBLIKUM:

Alle som **er publikum** må registrere seg ved hovudinngangen slik at vi har lagra kontaktopplysningar ved evt smittesporing. Publikum slepp ikkje inn i hallen før tidlegast 15 min før kamp. Der sit ein kampvert/billettør ved hovudinngang som fører opp namn og tlf.nr. (eller du kan registrere deg med QR-kode før du kjem i hallen når dette kjem på plass)

Pga avstandregelen har vi begrensa tal sitteplassar på tribuna og vi har difor kun plass til **ein forelder per spelar** . Max publikumstal er 48 ved enkeltkampar, 32 dersom der er lag som spelar to kampar. Alle sitteplassar er merka, også familie skal sitje på merka plassar med 1m avstand. Vi ber publikum forlate hallen med ein gong kampen er ferdig spelt for å gje plass til spelarar og publikum til neste kamp. **Ved større kamparrangement skal publikum gå ut av hallen gjennom døra mot parkeringsplassen.**

SPELANDE LAG

Bortelag skal vente samla ved hovudinngang og bli tilvist garderobe av Fair Play-vert.

Alle lag frå 11 år må vere registrert i TA. Pass på at kamptropp er komplett med namn og draktnr før ankomst. Kwart lag kan ha max to lagleiarar. Lag under 11 år skal levere ferdig utfylt spelarliste med namn og tlf.nr til kampvert som sit ved inngangen.

Lag får sleppe inn i hallen ca 30 min før kamp så bereikn oppmøtetid etter dette.

Garderober er merka og kan brukast til å henge frå seg ytterkle/sko, **vaske hender** og bruke toalett. Dusj er tilgjengeleg berre ved enkeltkampar. Hugs at 1m –regel gjeld og i garderoben, lagleiar har ansvar for avstandsregel i garderobe. Vi anbefaler difor at spelarane kjem **ferdig ombytta** til kamp. Lag som har to kampar nyttar same garderobe i begge kampar. Rydd alltid garderoben etter bruk.

Alle lag får max 15-20 min oppvarming på bane før kamp. Det kan ved større arrangement bli mindre tid, og oppvarming før må då skje utanfor hall.
Kampvert informerer om tid til oppvarming ved ankomst.
I garderobe/gang/vestibyle er det ikkje høve til å varme opp.

Trenar/lagleiar er ansvarleg saman med Fair Play-vert for kva tid og kvar laget skal komme inn på speleflata. Garderobane skal ikkje nyttast i pausen. Her bruker laga kvart sitt hjørne på motsatt side av tribuna.

Har laga to kampar kan dei bli tilvist sitteplass samla på tribune i hallen på oppmerka plassar saman med lagleiar som har ansvar for 1m-regel. Laget må då ikkje blande seg med spelarar frå andre lag som ventar.

Bortelag må ha med eigne vestar til bruk ved lik draktfarge, eigne ballar til oppvarming og Antibac til eige bruk under og mellom kampar for å minske trykket på arrangør

Etter kampslutt forlet laga speleflata så raskt som mogleg, og spritar hender før dei går i garderoben .Om det er tid til det stiller laga opp på sin banehalvdel og takkar for kampen ved å klappe for kvarandre.

Laga ryddar etter seg så garderoben er klar for vask.

Alle forlet hallen gjennom hovudinngang der antibacdispenser er plassert, lagleiar har då ansvar for 1m-regel



GOD KAMP 😊

